


oseana

KUNST & KULTURSENER

Årsmelding 2022



Oseana Kunstfestival 2022 – Fadlabi



KUNST & KULTURSENER

oseana

Styrets melding

Som dei to føregåande åra, blei også 2022 påverka av pandemien. Vi valde likevel å markere husets 10 års jubileum, under parolen 10+1. Det var med stoltheit vi i oktober presenterte vår eigen jubileumsframsyning og i mai åpna stor jubileumsutstilling, sistnemnde i samarbeid med Grieg Foundation sitt 20 års jubileum.

Kulturhus nasjonalt opplevde nedstenging i starten av året. Etter gjenopning i midten av februar bruker publikum i heile landet tid på å finne tilbake til kultursektoren. Dette merkar vi også i Bjørnafjorden. Samstundes har den økonomisk utfordrande situasjonen eigaren vår står i, gjeve reduksjon i kommunale overføringar til Oseana. På grunn av dette har 2022 blitt eit år der det blei umogleg å levere eit overskot.

Styret har brukt fleire møte på å diskutera kutt og effektivisering av drift, saman med tiltak som kan auke besøkstal og generera nye og høgare inntekter.

Samarbeidet med administrasjon har vore tett og godt, og styret vil takke administrasjonen for svært god innsats som har bidratt til at underskotet ikke har blitt større.

Vi ser også fram til vidare samarbeid, der det ikkje berre er utfordringar som skal løysast dei neste åra, men også ei rekkje store moglegheiter vi kan nyte godt av. Den nye veggen og tunnelstrekket frå Bergen til Os er opna, og det er modne og gode diskusjonar rundt hotelltomten, for å nemne noko.

Styret vil takka Bjørnafjorden kommune, sponsorar, leigetakarar, artistar, frivillige og brukarar av senteret for samarbeidet gjennom 2022. Ein spesiell takk til Per Grieg Sr / Grieg Foundation og Alutec AS for uvurderleg støtte. Heilt frå oppstarten i 2011 har Oseana hatt ein stab som har strekt seg svært langt for å nå senteret sin ambisjon om å vera "eit hus for opplevingar". Styret vil retta ei stor takk til staben og daglig leiar, som i kraft av sine kvalifikasjonar og gode samarbeidsevner har levert eit resultat med særskilt høg kvalitet både kunstnarisk og driftsmessig.

Styret Oseana KF



Oseana 10+1 jubileumsframsyning hausten 2022

OSEANA SI UTVIKLING 2022


Driftsåret 2022 blei farga av senterets 10 års jubileum, som med eit års utsetjing gjekk under parolen Oseana 10+1. Det var med stoltheit vi i oktober presenterte vår eigen jubileumsframsyning og i mai opna stor jubileumsframsyning i Griegsamlingen, sistnemnde i samarbeid med Grieg Foundation sitt 20 års jubileum.

2022 har diverre vore prega av post pandemi med lavt billettsal og bortfall av alle økonomiske støtteordningar. Saman med reduserte økonomiske rammevilkår og ein betydeleg prisvekst på alle økonomiske område, førte dette til at 2022 blei svært vanskeleg økonomisk. Sjølv om vi ser ein positiv tendens i besøk og billettsal frå 2021, var framleis publikumsmasse haust 2022 halvert samanlikna med 2019 tal. Oseana har i året som gjekk ført vidare det gode samarbeidet med Riksteatret og Bergen Filharmoniske Orkester, samt Bergen Nasjonale Opera med *Opera ved Fjorden* prosjektet. I tillegg til dei gode samarbeidsplattformene vi har med lokale aktørar, er denne typen regionale og nasjonale samarbeid viktig for å oppretthalde bredde i programtilbodet.

Samarbeidet med Grieg Foundation og arbeidet kring utviklinga av Oseana som kunstinstitusjon i regionen er styrka i året som gjekk. Aktiviteten er auka betydeleg, både ved nyinnkjøp av kunst, etableringa av eigen kunsthøst og vekentlege omvisingar i samlinga. I tillegg har vi i 2022 etablert eit nytt kunstmagasin i senteret, som gjer at vi får større kapasitet og større fleksibilitet til variasjon i utstillingane.

Oseana sitt primære formål er å vere eit kunst- og kultursenter i form av eit brukshus for det lokale kulturlivet, i tillegg til å vere ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum med eit mangfald av profesjonelle kulturytringar, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Oseana har heile Bergensregionen som sitt kjerneområde. Senteret skal vera **”eit hus for opplevingar”** for unge, eldre, amatørar og profesjonelle. Samstundes skal kulturhuset bidra til å utvikle Bjørnafjorden som ein attraktiv nærings- og bustadskommune. Det er gledeleg at vi registrerer jamt besøk frå heile fylket. Vi veit at møte mellom menneske, gode samtalar og fellesskap er noko vi alle treng i kvardagen.

Ei stor hending i året som gjekk var opning av ny E39 mellom Bergen og Os. I omstillingstider gler vi oss til å utforske kva moglegheiter denne kan gje oss i åra som kjem. Den nye vegen kan til dømes gje auka konkurranse, noko vi allereie har sett i samband med kinopublikum og nærleiken til Laguneparken.




Heine Bugge og Marius Neset



Leif Ove Andsnes

OseanaLIVE

I 2016-2017 etablerte Oseana prosjektet OseanaLIVE, der vi strøymar framsyningar frå Oseanasalen til sjukeheim, sjukehus og andre institusjonar, der det bur menneske som av helsemessige årsaker ikkje har høve til å gå på konsert. Dette er ei gåve frå oss, artist og Kavlifondet. I 2022 gjekk tilbodet ut til over 1 000 helseinstitusjonar i heile Noreg. Vi veit at over 300 av desse har følgd sendingane våre ein eller fleire gongar. Vi har også sendt ei rekkje reprisesendingar i dei periodane kor huset har hatt lav aktivitet. Vi har i 2022 totalt sendt fire konsertar med til saman om lag 7000 unike sjåarar. Fordelt på om lag 300 institusjonar i 110 kommunar og 11 fylke.



Sendekart



Bright crew – OseanaLIVE



Hellbillies konsert OseanaLIVE

Kunst – Griegsamlingen og Galleri Hvelvet


Til saman vart det sju ulike utstillingar i Griegsamlingen og Galleri Hvelvet i året som gjekk, med om lag 6200 besøkjande. Dette er ei svak publikumsauke frå året før, men tala er noko usikre då vi har gratis inngong og avgrensa registrering. Vi arrangerte kunstnarsamtalar i samband med opningane, og vi opplever godt besøk til desse. Spesialomvisingane for menneske med demensdiagnose er også talde med her.



Lars Elling frå Griegsamlingen



Kai Fjell frå Griegsamlingen



Jubileumsutstilling 2022

Griegsamlingen er eigd av Grieg Foundation, og forvalta av Oseana. Griegsamlingen er fundamentet for husets eksistens, og saman med programmet i Galleri Hvelvet, er den eit strålende utgangspunkt for å utvikle Bjørnafjorden vidare som kunstkommune. Den består av over 400 verk som skapar rullerande utstillingar i Oseana, ofte i samarbeid med andre institusjonar eller kunstnarskap.

Oseana markerte Grieg Foundation sine 20 år og Oseana sine 10+1 med ei utstilling sett saman av Griegsamlingen sine viktigaste kunstverk og markant samtidskunst frå samlingane til neste generasjon.

I jubileumsutstillinga blei det beste frå Griegsamlingen vist, med kunstnarar som strekk seg frå gullaldaren til vår samtid. I tillegg blei bilete samla av neste generasjon i den kunstinteresserte Griegfamilien også vist fram. Gamle meistarar som Peder Balke, Hans Gude, Harriet Backer, vart sett saman med den store modernisten Inger Sitter og internasjonalt sentrale samtidskunstnarar som Marina Abramović og Bjarne Melgaard.

I 2022 lanserte vi ny kunstfestival, og denne blei arrangert i juli. Festivalkunstnaren Fadlabi presenterte utstillinga “Plastic Flowers”, og var svært aktiv gjennom heile festivalen både i kunstsamtalar og som instruktør for unge kunstnartalent.

I Galleri Hvelvet kan vi trekkje fram dei anerkjende kunstnarane Gunhild Sannes og Arne Rygvold. Vi hadde også ei utstilling med kunstnaren Magnhild Øen Nordahl - Oppløyte abstraksjonar. Dette var samarbeid med Fakultet for kunst, musikk og design (KMD), UiB, og galleriet Entreé, Bergen. Kurator her var Randi Grov Berger (Entreé).





Tove Haugsbø om Astrup

Berekraftsfokus og påvirkning.

I 2022 har Oseana vidareført fokus på si miljøprofil. Vi ønskjer å vere eit foregangshus på berekraft. Vi har eit teknisk avansert bygg, med eit solcellepanel på 540 kvm og eige varmepumpeanlegg i kjellaren. Gjennom fokus på energisparing har vi i 2022 brukt ca 3% mindre energi enn i 2021, og heile 25% mindre enn i 2016. Oseana er stolt samarbeidspartnar med Miljøfyrtårn og Klimapartnere.

Oseana var representert som styreleiar i interesseorganisasjonen Norske Kulturhus. Denne organisasjonen er svært relevant for samarbeidet mellom kulturhusa, men også mot nasjonale myndigheiter og politiske prosessar. Her er også kulturhusa sin miljøprofil høgt på agendaen.



Bjørnafjordkonferansen



Trygg i Bjørnafjorden



Skoda konferanse



Friskunst i Griegsamlingen

Bjørnafjorden kulturskule og Friskunst.

Samarbeid mellom Oseana og Bjørnafjorden kulturskule er viktig. Kulturskulen har betydeleg kompetanse i pedagogikk og kunstfagleg læring. At vårt felles skuleprosjekt Friskunst bidrar til at heile fire skuletrinn får oppleve innhaldet i Oseana, er også noko som er verd å nemne. I 2022 fekk skulelevar oppleve Bergen Filharmoniske Orkester og Vamp, i tillegg til Griegsamlingen.

For Oseana er det viktig å vere ein god samarbeidspartnar med Bjørnafjorden kommune. Vi ønskjer å spele ei sentral rolle i utviklinga av Os sentrumsforening, og samstundes vere ein aktiv pådrivar i arbeidet med å utvikle reiseliv og Bjørnafjorden som destinasjon.



Griegsamlingen

ØKONOMI - Sjå vedlagt rekneskapsrapport for detaljar.


Årsresultat	2021	2022
Omsetnad	21.300.993	18.784.310
Brutto driftsresultat	4.207.649,20	- 3.022.402,76
Meir/mindreforbruk driftsrekneskap	– 101.028	796.205

Oseana KF blei i 2022 tildelt kr 6.217.000,- frå Os kommune. Beløpet inkluderer:

- Husleige for Bjørnafjorden kulturskule
- Tilskot til leige av øvingsrom for faste leigetakarar: Os Musikkforening, Os Skulekorps og Os Swingklubb.
- Tilskot til lokale lag og foreiningar si leige av konsertlokale i Oseana

Tiande heile driftsåret har diverre vore prega av post pandemi, med lavt billettsal og bortfall av alle økonomiske støtteordningar. Saman med reduserte økonomiske rammevilkår og ein betydeleg prisvekst på alle økonomiske område, førte dette til at resultatet enda opp med eit underskot/meirforbruk på 796.205,- Meirforbruket er dekkja inn av eigne oppsparte midlar slik at rekneskapet viser balanse.

Investeringsrekneskapet syner at det er gjort kjøp av nytt lydanlegg. Dette er finansiert ved overføring frå bruk av disposisjonsfond.



AKTIVITETANE

- 92 kulturarrangement
- 69 kurs, møte og/eller lukka selskap
- 13 utstillingar og kunstsamtalar i Hvelvet og Griegsamlingen
- 80 omvisingar i Griegsamlingen
- 40 kinoframsyningar

Aktivitetsanalyse

Publikumstala viser at vi har hatt eit totalt publikumsbesøk på om lag 55.000 i 2022. Dette er ei auke frå året før, men framleis eit stykke unna 2019 då talet låg på om lag 80.000. På kulturarrangement, kino og Griegsamlingen utgjer besøkstala 30217.

Til kurs og lukka selskap med meir, har vi hatt eit besøkstal på 4400 fordelt på 69 arrangement. Dette er ei firedobling frå 2021 og soleis gode tal.

Totalt presenterte Oseana 92 kulturarrangement.

Dei faste brukarane våre, knytt til undervisning i Os kulturskule og øvingar for medlemmar i frivillige lag og organisasjonar, utgjorde om lag 16000 i 2021. I 2022 anslår vi eit tal på om lag 20.000. Tala må sjåast på som estimat grunna covidsituasjonen i starten av året. I tillegg til dei registrerte besøkstala kjem gjester i restauranten og andre besøkjande.

I 2022 har det diverre ikkje vore noko endring i kinobesøk frå året før, og vi har hatt svakt besøk på Bygdekinoen. Frå 2019 er nedgangen framleis på over 50%. Vi ser at auka konkurranse frå Lagunen, i tillegg til generell nedgang i kinobesøk på landsbasis, er ei viktig årsak. Svake besøkstal betyr at Oseana tapar pengar på kinodrifta og vi vil difor vurdere om vi skal forsetje med kinodrift i 2022.


Vi har for tredje gong i 2022 talfesta OseanaLIVE sine sendingar. Dei viser oss at vi har hatt om lag 7.000 publikummarar på helseinstitusjonar i heile landet. Det er ei halvering frå i fjor, noko som er naturleg då antal sendingar også er halvert.

2022 vart fordelt slik:


Kulturbesøkjande - Billettservice/anna	22389
Griegsamlingen / Hvelvet	6200 (anslag grunna gratis inngong)
Kinobillett	2028
Grupper (Konferanse, event, merkedagar etc.)	4400
Os kulturskule, brukarar	14000 (anslag i høve til elevtal)
Lokale lag og foreiningar, brukarar	6000 (anslag)
Totalt besøk	55017



Antall besøkjande 2022



Samanlikning mellom 2021 og 2022



KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING

Oseana kommuniserer primært mot publikum gjennom:

- Web-side www.oseana.no
- Sosiale medium og nyheitsbrev
- Annonsar
- Elektroniske infoskjermer i Oseana, Osbadet, Amfi Os, Kommunetorget på Rådhuset, Fjorden senter.
- Pressemeldingar /redaksjonelle oppslag
- Plakatar og direkte sal
- Digital marknadsføringsstrategi i samarbeid med Breakfast AS
- Video og prensetasjone av "Månedens Bilde" i Griegsamlingen.

Det har vore vanskeleg å selje billetter i denne tida. Vi har måtta endra måten å marknadsføre og kommunisere på med bakgrunn i endring av publikumsvaner og økonomi.

ORGANISASJONEN

Tilsette

Oseana kunst- og kultursenter hadde ved utgangen av 2022 følgjande tilsette:

Direktør	Ole Tobias Lindeberg
Arrangementssjef	Berit Steen
Teknisk leiar	Lasse Nordahl Pedersen
Leiar, marknad og kommunikasjon	Veronica S. Halhjem
Arrangementsteknikar	Håkon Skarding
Lystekniker	Aman Handa-James
Kunstfaglig leder kunst	Evelyn Holm
Kurator	Jørgen Larsson *
Resepsjonsansvarleg	Anne Kristine Tøsdal
Resepsjonist	Hilde Bakke
Reinhaldar	Marianne Helland
Resepsjon helg	Annika Os
Resepsjon helg	Susanna De Root

*Kuratorstillinga er ei prosjektstilling finansiert av Grieg Foundation.

Blant dei fast tilsette er kjønnsfordelinga 70 % kvinner og 30 % menn.

Med unntak av artistar og teknisk personell knytt til gjestande produksjonar, utgjorde den årlege arbeidsmengda i Oseana kunst- og kultursenter 11,5 årsverk, fordelt som følger:

Fast tilsette	10,5 årsverk
Ekstrahjelp	1,5 årsverk
Sum	12.0 årsverk

I tillegg kjøper Oseana sal av arrangementstenester frå Oseana kafé og restaurant.

Det er lagt vekt på å skape ei fleksibel og effektiv driftsorganisasjon, med færrest mogleg fast tilsette. I vår region er dette mogleg fordi det finst fleire større kulturarenaer og eit profesjonelt frilansmiljø, som kan yte teknisk betjening til ulike produksjonar. Vi har i 2022 opplevd ei kompetanseendring hos sceneteknikarar i etterkant av pandemien. Dei har blitt færre frilansarar. Vi har difor valt å knytte til oss eigen lystechnikar dette året.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Sjukefråvær for dei fast tilsette var i 2022 på 5,3%.

Det er ikkje registrert alvorlege hendingar for eigne tilsette i driftsåret 2022. Det er etablert eit nært samarbeid med Bjørnafjorden brann og redning, med fokus på krisehandtering og evakuering. Alle frivillige har fått grunnopplæring. Oseana har eigen tillitsvald og verneombod.



Dei frivillige betyr mykje på Oseana – her saman med arrangementssjef Berit Steen.



KUNST & KULTURSENTER

oseana

Drift av huset

Oseana har nærare hundre faste frivillige som bidreg stort til både små og store arrangement. I staben set vi utruleg stor pris på kvar og ein av desse. Oseana vil nytta høvet til å takka for fantastisk innsats i året som gjekk.

Alle arrangementa blir avvikla ved hjelp av faste årsverk, samt innleidd personell. I helgane har vi eigne helgevaktar som tek hand om resepsjonen. Vi har òg hatt behov for å leiga inn riggehjelp til ulike produksjonar, og vi har eige ungdomspersonell som avviklar kinodrifta.

Styresamansetning:

Styret i Oseana kunst- og kultursenter hadde i desember 2021 følgjande samansetting:

Styremedlem

Daniel Skotheim (leiar)

Audun Hasti (nestleiar)

Petter Snare

Susan H Askvik

Veronica Halhjem (Tilsettere representant)

Vidar Bratlund-Mæland

Henriette Tverli Dale

Varamedlem

1.vara Ruth Elin Midtbø

2.vara Terje Raunsgård

3.vara Jeanett Kallekleiv

Lasse Nordahl - Pedersen

Styret har gjennomført 5 møte i 2022. Det vart samla utbetalt kr. 48430,- i styrehonorar.

Dagleg leiing

Føretaket sin daglege leiar har vore Ole Tobias Lindeberg



Styremedlemmar signatur

Daniel Skotheim (leiar)

Audun Hasti (nestleiar)

Petter Snare

Susan H Askvik

Veronica Halhjem

Henriette Tverli Dale

Vidar Bratlund-Mæland

Ole Tobias Lindeberg
Direktør

Os den 08.03.2023

Tusen takk til våre samarbeidspartar:

